

Vanylven kommune

Kunnskapsgrunnlag til samfunnsdelen av kommuneplanen

2022 - 2040

Innhald

Kort om Vanylven	2
Folketal	2
Demografi; fleire eldre og færre unge	3
Bustadar og busettingsmønster	4
Folkehelse.....	4
Næringsliv.....	5
Natur, klima og miljø	6
Kommunalt tenestetilbod	6
Helse og omsorg	6
Oppvekst.....	7
Framskrivingar – helse/omsorg og oppvekst	7
Teknisk sektor.....	8
Kjelder:	9

Kort om Vanylven

Vanylven er ein kommune lengst sørvest i Møre og Romsdal, med grense mot Stad kommune i Vestland fylke. Nord for Vanylven ligg kommunane Sande og Herøy, og i aust ligg Volda.

Fiskå er kommunesenter og kommunen sin einaste tettstad etter SSB's definisjon.



Folketal

Vanylven kommune har i dag 3002 innbyggjarar (SSB, 3. kvartal 2022), med litt fleire menn enn kvinner. Det blir født i underkant av 30 barn årleg. Kommunen har hatt jamn nedgang i folketalet over ein lang periode. Dei siste 20 åra har folketalet har gått ned med 23%, frå 3899 i 2002.

Prognosane for framtidig folketalutvikling tilseier at folketalnedgangen vil halde fram. I følgje SSB er det venta eit folketal på 2800 i 2030 og 2400 i 2050, noko som tilsvarer ein nedgang på ca 7 % og 20 % frå dagens folketal. (SSB, hovudalternativet).

Internt i kommunen er biletet meir samansett. Her er det enkelte grunnkretsar som har vektst i folketalet, medan andre har nedgang. Samla sett er det likevel ein tydeleg nedgang.

Kjelde: Fylkesstatistikk Møre og Romsdal/ SSB



Kartet viser folketalutvikling frå 2017 til 2022

Grunnkrets		Folketal		
Nummer	Navn	2022	Endring frå 2017	Endring frå 2021
15110101	Nordstranda	133	4	1
15110102	Fiskå	468	19	-2
15110103	Eide	118	-23	-10
15110104	Tunheim	193	-20	3
15110105	Sylte	138	-8	-8
15110106	Slagnes	143	-12	-5
15110107	Åheim	305	-41	-4
15110108	Thue	154	6	1
15110109	Gusdal	95	-5	8
15110201	Øyra	80	-6	-3
15110202	Eidså	120	-2	-6
15110203	Løset	69	5	1
15110204	Myklebust	196	14	-4
15110205	Vik	182	-37	-12
15110206	Nordal	58	2	1
15110207	Skår/Eikrem	93	-13	3
15110208	Rovde	154	3	5
15110209	Sundnes	96	-13	-2
15110301	Sørbrandal	71	-10	-2
15110302	Hakallestranda	178	-16	0


Fig. 1. Folketal i Vanylven. Kjelde: <https://fylkesstatistikk.mrfylke.no/kommunestatistikk>

Demografi; fleire eldre og færre unge

Vanylven har ei befolkning som er ein god del eldre enn landsgjennomsnittet. Det er også mindre andel innbyggjarar mellom 20 og 50 år, som igjen gir mindre andel av dei yngste barna. I Vanylven er 16,0 % i aldersgruppa 0-17 år, mot 20,2% i resten av landet. Gruppa over 80 år er i Vanylven 8,2 %, mot 4,4% i resten av landet. (SSB, 2022). Dette er ei sterkt ugunstig aldersfordeling med tanke på vekst i dei neste åra.

I 2021 blei det for første gong fleire over 67 år enn barn og unge i Vanylven. I åra framover vil fordelinga med fleire eldre og færre yngre forsterke seg. Dette følgjer den generelle trenden i landet, men for Vanylven slår dette særleg kraftig ut.

Nasjonalt vil personar som blir ramma av demens vil auke til om lag det dobbelte i 2040. I Vanylven kommune er folket eldre enn gjennomsnittet i landet og har derfor også ein høgare del av befolkninga med demens. I 2020 hadde 3,3 prosent av befolkninga ein demenssjukdom. I 2040 viser prognosen at 6,4% av befolkninga vil ha demens. Delen av befolkninga med demens i Vanylven kommune aukar altså med ca 95% prosent. Kjelde: [Demenskartet – Aldring og helse](#) . Dette fører til at presset på tenestene innan helse og omsorg vil auke kraftig. Innanfor oppvekstsektoren blir det derimot blir overskot på personell og bygningar, samanlikna med i dag. Behov for tenester i dei ulike sektorane vil dermed bli vesentleg endra, samanlikna med dagens strukturog nivå.



Tal på innbyggjarar etter kjønn og alder i Vanylven. Grått felt viser fordelinga på kjønn og alder i landet totalt.

Kjelde: [Regional analyse](#)




Fig. 2. Aldersfordelt framskriving av folketalet i Vanylven. Kjelde:


<https://fylkesstatistikk.mrfylke.no/kommunestatistikk>

Bustadar og busettingsmønster

Det er i 2022 registrert 1948 bustadar i Vanylven kommune. Den dominerande bustadtypen er einebustadar, som utgjør heile 88 % av alle bustadar. Tomannsbustadar, firemannsbustadar, rekkehus og andre småhus utgjør 8 %. Resten er fordelt på bufellesskap (2%) og bustadar i andre bygningstypar (2%). Kjelde: SSB

Vanylven er ei svært spreiddbygd kommune. Etter SSB sin tettstadsdefinisjon (eit område der det bur minst 200 personar og der det ikkje er meir enn 50 meter mellom husa), er den einaste tettstaden i kommunen Fiskå. Innanfor tettstaden Fiskå bur det 478 innbyggjarar. Dette tilsvarar berre 16% av befolkninga i kommunen. Tilsvarande tal for fylket samla sett er 74%. (SSB, 2022)

Det spreiddbygde busettingsmønsteret vil forsterke dei utfordringane kommunen står overfor med omsyn til dei demografiske endringane med fleire eldre og nedgang i talet på yrkesaktive. Heimetenesta utgjør ein stor og viktig del av omsorgstilbodet i ein kommune. Når det er lange avstandar mellom kvar brukar, går meir av arbeidsdagen for dei tilsette med til transport, og det blir mindre tid til omsorg. Spreiddbygde område er dermed langt dyrare å drifte med kommunale tenester enn tettbygde område, og gjer omsorgstenesta mindre effektiv. Dette heng tett saman med den økonomiske berekrafta til kommunen.



Fordeling av bustadtypar i Vanylven 2022.
Kjelde: SSB.

Folkehelse

Fleirtalet i Vanylven har god helse og er friske, og forventale levealder i kommunen er litt høgare enn landsgjennomsnittet. Men samtidig ser ein at kommunen har større dødelegheit enn landet og fylket knytt til hjarte- og karsjukdom, og har også ei auke i førekomsten av KOLS og astma. Vidare ligg Vanylven høgt på førekomsten av muskel- og skjelettlidingar, både blant unge og vaksne.

Ungdata syner god trivsel på skulen og at ungdomane kjenner seg trygge i lokalsamfunnet. Talet på unge som fullfører vidaregåande opplæring ligg over snittet i fylket. Samtidig er det ei auke i elevar som opplever mobbing, samt ei auka bekymring rundt illegale rusmiddel. Samanlikna med omliggande kommunane ligg Vanylven høgt i forhold til andel uføretrygda og andel som mottok stønad til livsopphald. Av desse igjen er det ein relativt stor del som er unge vaksne.

Som elles i landet ser ein også i Vanylven ei tydeleg auke av einsemd, psykiske plager og symptom, samt auke i bruk av legemiddel for desse symptoma. Fleire aldersgrupper av innbyggjarane i kommunen ønsker fleire møtestadar og betre kollektivtransport for å kome seg fram. Sosial tilknytning, tilhøyre og kulturoppleving er viktige førebyggjande tiltak for den psykiske helsa.

Folkehelse heng tett saman med opplevd livskvalitet, som igjen heng saman med mellom anna økonomi, helse, arbeidsdeltaking og utdanning. Vanylven har lågt utdanningsnivå samanlikna med landsgjennomsnittet, og også lågare enn fylkesgjennomsnittet, men kommunen har samtidig låg arbeidsløyse.

Talet på kor mange som hamnar utanfor arbeid og utdanning kan bli redusert gjennom god kvalitet i tenestene, spesielt dersom ein greier å endre ressursbruken til tidleg innsats og førebygging. Dette inneber god samhandling mellom tenestene og at ein kjem tidleg inn med rett kompetanse.

Kjelde: Folkehelseprofil for Vanylven, Folkehelseoversikt for Vanylven kommune 2020-2024

Næringsliv

Næringsstrukturen i Møre og Romsdal har større andel sysselsette innan jordbruk, skogbruk og fiske, enn landet elles. Sekundærnæringane har også relativt sett fleire sysselsette i fylket enn i landet. Innan servicenæringa, offentleg administrasjon og personleg tenesteyting er andel sysselsette færre.

Det same overordna biletet ser ein i Vanylven. Her står jordbruk står relativt sterkt, sjølv om dei enkelte bruka ikkje er så store. Husdyrhald dominerer – særleg storfe, sau og høns. Jordbruket blir til ein viss grad kombinert med arbeid i fiske eller andre næringar.

Innan industrien dominerer næringsmiddelindustri og bergverksdrift. Størst målt i omsetting er Hofseth AS, som driv fiskeforedling i Syvde. Flest tilsette har Sibelco Nordic AS (tidlegare A/S Olivin), driv produksjon av olivin og har utskipingshamn på Åheim. Andre større industrirelaterte næringar er mellom anna og trelast-/ trevareindustri.

Reiseliv er ei næring i utvikling i kommunen. Her er mellom anna Hakallegarden eit kjend reisemål, som kombinerer gardsdrift og dyrehald med aktivitetar og overnattingsmoglegheiter.

NHO utarbeidar årleg ei oversikt der dei graderer kommunar i landet etter næringsattraktivitet og lokal vekstkraft, basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse, og kommunal økonomi ([Kommune-NM \(nho.no\)](#)). Her kjem Vanylven i 2022 dårlegast ut i fylket.

Vanylven har hatt nedgang i talet på arbeidsplassar i den siste tiårsperioden, og nedgangen har kome i næringslivet. Vanylven har hatt lite gunstige føresetnadar for vekst i denne perioden, men nedgangen har likevel vore større enn forventa. (Telemarksforskning [Regional analyse](#)).

Vanylven utvikling; næringssselskapet til Vanylven kommune, arbeider med ein strategisk næringsplan for kommunen. Næringsplanen har som føremål å skape klare og føreseielege rammer for næringsdrivande som ønskjer å etablere og utvikle næring i Vanylven. Planen skal skildre prioriterte initiativ, og kommune sitt ansvar for å sikre utvikling av næringslivet i Vanylven.

Eit viktig utgangspunkt for næringsplanen er samskaping; å finne nye måtar å samarbeide på når samfunnsutfordringar skal løysast i åra framover. Kommunen har ikkje eit eineansvar, men skal legge til rette for utvikling, og ha ei rolle i korleis samarbeid med innbyggjarar, frivilligheita og næringslivet fungerer.

Natur, klima og miljø

Vanylven har store og attraktive naturområde, som er ein viktig ressurs for kommunen. Rein luft, reint vatn og mange moglegheiter for gode naturopplevingar, både på land og på vatn er viktige kvalitetar både for innbyggjarar og besøkande.

Samtidig blir kommunen påverka av dei globale klimaendringane, med krav til å bidra til reduserte klimagassutslepp. Kommunen har gjennom klimaplanen sett som mål at ein innan 2030 skal redusera utsleppa med 40 % samanlikna med 2015.

Landbruket står for størstedelen av klimagassutsleppa i kommunen. Desse utsleppa er knytt til biologiske prosessar i husdyra, gjødsel og dyrkingsjord som fører til danning av metan og lystgass. Vidare er sjøfart og vegtrafikk store utsleppskjelder.

Kommunen kan stimulere til lågare klimagassavtrykk gjennom sine egne innkjøp, redusera forbruket av forbruksvarer og å stilla klima- og miljøkrav ved innkjøp.

Vanylvensamfunnet må tilpasse seg konsekvensar av eit klima i endring. Havnivåstigning og større konsekvensar ved stormflo blir viktig å ta omsyn til, samt konsekvensar av auka nedbør i form av flaum, jordskred og handtering av overvatn.




Fig. 3. Klimagassutslepp i Vanylven 2021, fordelt på sektorar. Kjelde: [Miljødirektoratet](#)

Kommunalt tenestetilbod

Helse og omsorg

Helse- og omsorgssektoren i Vanylven kommune inneheld legeteneste, NAV, fysioterapi- og ergoterapi- teneste, hjelpemiddelformidling, støttekontakt, institusjonsomsorg og heimebasert omsorg. Under heimebasert omsorg finn vi og psykiatriteneste og teneste for personar med utviklingshemming. Vi har også tilbod til personar som treng tilrettelagt arbeid og aktivitet.

Helse- og omsorgstenestene er i dag i stor grad samla på Fiskå. Her ligg Vanylven helse- og omsorgssenter, og dei fleste omsorgsbustadane i kommunen. I tillegg er det omsorgsbustadar i Syvde, på Åheim, og også nokre på Rovde.

Tenesta er regulert med fleire ulike lovar og forskrifta, der blant anna brukarmedvirkning står sterkt.

Oppvekst

Det er tre barnehagar i kommunen, lokalisert på Fiskå, Åheim og i Syvde. Dei fleste barn mellom 1 og 5 år i kommunen går i barnehage (94,2% i 2020). Kommunen tilbyr redusert foreldrebetaling til familiar med låg inntekt.

Kommunen har tre grunnskular, lokalisert på Fiskå, Åheim og i Syvde. Skulen på Fiskå er barneskule, medan skulane på Åheim og Syvde er kombinerte barne- og ungdomsskular. Alle tre skulane har SFO tilbud til elevane. Kommunen har også ein kulturskule. Undervisninga i kulturskulen følgjer rammeplanen for kulturskulen, og går føre seg desentralisert ved dei tre skulane i kommunen. Hovudbiblioteket ligg i Syvde, med filial på Rovde og på Åram.

Familie og læringscenteret er etablert som ei tverrfagleg teneste for barn og unge i kommunen. Tenesta skal være tett på familie, skule og barnehage, og skal ta over dei lovpålagde funksjonane til PP-tenesta, helsestasjonen og barnevernet. Den skal også koordinere det tverrfaglege samarbeidet mellom oppvekstsektoren og helsesektoren for barn og unge opp til 18 år i Vanylven kommune.

Oppvekstsektoren jobbar etter Kvalitetsplanen Plan for barn og unge, som bygger på gjeldande nasjonale føringar. Har kan nemnast overordna del av læreplanen og i gjeldande fagplanane frå hausten 2020. Vidare rammeplan for barnehagane frå 2017, samt lokal rammeplan frå 2022, Nasjonal rammeplan for SFO frå 2021, samt Rammeplan for kulturskulen frå 2016 . Andre sentrale føringar er forskrifta om kommunens helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon- og skulehelsetenesta frå 2003 og barnevernsreform frå 2022.

Framskrivningar – helse/omsorg og oppvekst

Figur 4 og 5 viser korleis behov for tenester i dei ulike sektorane vil utvikle seg i åra framover. Dette er utrekningar basert på dagens struktur og nivå på tenestene. Den øvste tabellen viser talet på personar som får tenester frå kommunen i dei ulike aldersgruppene, fordelt på barnehage, grunnskule, institusjonsplassar og heimeteneste. Tabellen under viser behovet for personar som skal arbeide i kommunen med å levere desse tenestene




Fig. 4. Fordeling av mottakarar av kommunalt tenestetilbod innanfor oppvekst og helse/omsorg.




Fig 5. Behov for tenesteytarar innanfor oppvekst og helse/omsorg, basert på dagens organisering.

Teknisk sektor

Teknisk sektor omfattar behandling av arealplanar og byggesøknadar, oppmåling, forvaltning av kommunale bygg, kyrkjegardar, ansvar for vatn og avløp, kommunale vegar, hamner og kaier, renovasjon og brannvern.

Teknisk sektor har hatt redusert bemanning over tid, noko som har gjort det nødvendig med prioritering av arbeidet. Større grad av digitalisering har gjort brukarane meir sjølvbetente.

Kommunen har ei stor og samansett bygningsmasse, frå bustadhus til pleieinstitusjonar, rådhus og skular. Samla utgjør dette om lag 54 000 m². Mange bygningar har store etterslep i vedlikehald grunna låg prioritering av drifts- og vedlikehaldsbudsjett. Enkelte bygg er ikkje i bruk grunna dårleg utleige kvalitet og nedlegging av skuletilbod.

Det kommunale vassleidningsnett er i stor grad gammalt og mode for utskifting. Kommunen har vidare mykje kombinert avløpssystem av dreinsvatn ute og kloakk, som bør separerast for å spare pumpe og reinseanlegg for unødvendig belastning.

Gjeldande renovasjonsordning baserer seg på privat sortering av restavfall, papir, plast og metall/glas. Nye krav gjer at også matavfall må sorterast ut gjennom kjeldesortering; minst 55 prosent av total matavfallsmengde frå 2025, og 60 prosent frå 2030 og 70 prosent frå 2035. (Forskrift om endring i avfallsforskriften, gjeldande frå 01.01.2023)

Det kommunale vegnettet har hatt avgrensa midlar til drift og vedlikehald, og berre det mest nødvendige arbeidet har blitt utført. Vegane har derfor eit vedlikehaldsetterslep. Kommunen har vedtatt ei trafikktryggingssplan for å sikre midlar til mindre trafikktryggingstiltak i framtida.

Brann har dei siste åra hatt eit vesentleg løft når det gjeld bygg (påbygg brannstasjon), oppgradering av utstyr, kompetanseheving og auka mengd med øving. Brann har utover dei vanlege krav også kompetanse på redningsdykking og kjemikaliedykking. Kompetanseheving vil forsette i åra framover. Tilsyn og beredskap vert vareteke gjennom dette ansvarsområde. Kommunen er medlem i IUA (det interkommunale oljevernet for Sunnmøre), og har lettare oljevernustyr.

Kommunen har avtale med kyrkja i Vanylven om å vedlikehalde kyrkjegardar og utføre graving ved gravferd. Kombinasjonsbruk av arbeidsressursar i teknisk sektor gjev effektive og gode økonomiske resultat for kyrkje og kommune ilag.

Vanylven har kommunale kaier i Fiskå og på Eidså, i tillegg til private kaier og gjestehamner. Kommunen har gjennom lov om hamn og farvatn, ansvar og mynde for hamn og farlei i Vanylven. Sidan 2018 har kommunen hatt eige føreskrift om avgift innkrevjing av farvassavgift for dekke avgiftene kommunen har med lovkravet.

Kjelder:

[Statistisk sentralbyrå \(ssb.no\)](https://ssb.no)

[Kommunefakta Vanylven - SSB](#)

[KOSTRA \(ssb.no\)](https://ssb.no/kosttra)

[Fylkesstatistikk 2022 - Møre og Romsdal \(mrfylke.no\)](#) og [Kommunestatistikk](#)

[Utslipp av klimagasser i Norges kommuner og fylker - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)

[Folkehelseprofil fro Vanylven - FHI](#)

[Folkehelseoversikt for Vanylven kommune 2020-2024](#)

[Demenskartet – Aldring og helse](#)

[Forskrift om endring i avfallsforskriften](#)

[Kommune-NM \(nho.no\)](https://nho.no)